



Vår dato:

12.10.2021

Vår ref:

2021/6668

Dykkar dato:

«REFDATO»

Dykkar ref:

«REF»

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Kontakt saksbehandlar

Anne-Britt Halonen, 51 56 89 04

Orientering om fordeling av skjønnsramma for 2022

Kommunane i Rogaland er for 2022 tildelt ei skjønnsramme på 58 mill. kroner. I dette brevet legg vi fram fordeling av 40,7 mill. kroner i ordinært skjønnstilskot til kommunane i Rogaland for 2022, slik det kjem fram av Grønt hefte tabell 1-k. Resten av skjønnsramma er heldt av til seinare fordeling.

Overordna rammer for fordelinga

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) fordeler kvart år ein del av rammetilskotet til kommunar etter skjønn. Skjønnstilskotet skal kompensera kommunar for lokale forhold som ikkje blir fanga opp i den faste delen av inntektssystemet, og bidra til fornying og utvikling i kommunenesektoren.

I Stortinget si behandling av kommuneproposaljen for 2022 fekk KMD fullmakt til å fordela 1 372 mill. kroner i skjønnstilskot. Basisramma for kommunane er satt til 850 mill. kroner, og 58 mill. kroner blei fordelt til Rogaland. Hovudfordelinga av skjønnstilskot gjennomførast i samband med statsbudsjettet.

KMD gir føringar for fordeling, bruk og rapportering av skjønnstilskot. Statsforvaltaren skal gjera ei heilskapleg og konkret vurdering av kommunen sitt behov for skjønnsmidlar, og tildela skjønnstilskot på grunnlag av kommunen sin overordna økonomiske situasjon. Fordelinga av skjønnstilskotet skal vere basert på dialog med kommunane. Innspel frå kommunane er viktig for å oppnå ei så god tildeling som råd. Skjønnstilskot for 2022 har derfor berre blitt vurdert tildelt til dei kommunane som meldte inn oppdaterte innspel innan fristen.

Om tildelinga

Vi har fått skriftlege innspel frå 19 av 23 kommunar. Innspela har utgjort ein viktig del av vår vurdering for tildeling av skjønnsmidlar, saman med Statsforvaltaren sine samla kunnskapar om kommunane, og analyser basert på tal frå KOSTRA, KS og andre innrapporterte tal. Dei ulike fagavdelingane hos Statsforvaltaren har bidratt med sine vurderingar.



Statsforvaltaren har fordelt 40,7 mill. kroner i ordinære skjønnsmidlar til 19 av kommunane i Rogaland. Bak tildelinga til kvar kommune ligg ei vurdering av den overordna økonomiske situasjonen og reelle behov, og kunnskapar om på kva område dei opplever større utfordringar som ikkje blir kompensert tilstrekkeleg gjennom inntektssystemet.

I vurderingane som ligg til grunn for fordelinga, har vi gjennom fleire år lagt vekt på særleg høge utgifter til ressurskrevjande brukarar, store utfordringar på rus-/psykiatriområdet, behov for legevaktbåt og kostnader grunna språkdeling.

Ressurskrevjande brukarar

Fleire kommunar peikar på høge kostnader til ressurskrevjande brukarar som ei økonomisk utfordring. Kommunane nemner både høge eigendeler etter tilskot frå toppfinansieringsordninga, spesielt for kommunar med eit høgt tal brukarar, og brukarar over 67 år som fell ut av ordninga. Sidan ressurskrevjande tenester er ei økonomisk utfordring mange kommunar nemner i sine innspel, og ingen kommunar i Rogaland har fått tilleggskompensasjon for ressurskrevjande tenester, har Statsforvaltaren valt å framleis ta desse kostnadene i betrakting ved fordeling av skjønnstilskot. Vi har då spesielt vurdert tildeling til dei kommunane som har høgast eigendeler (gjennom toppfinansieringsordninga) per innbyggjar basert på data frå utbetalinga i 2021.

Språkdeling

Slik som i fjor har vi samkjørt fordeling av skjønnsmidlar grunna språkdeling med den ordinære fordelinga nå på hausten. Ekstraklasser som følgje av reglane for språkdeling er ikkje eit moment som blir tatt omsyn til i inntektssystemet. Vi har valt å fordele midlar til alle kommunar som har meldt frå om slike ekstraklasser, da det er ein ufrivillig kostnad for kommunen. For kommunar med mindre økonomisk handlingsrom har vi fordelt med utgangspunkt i eit litt høgare beløp per ekstraklasse enn for kommunane med større økonomisk handlingsrom. Enkelte kommunar melder om at dei har store ekstra kostnader knytt til desse klassane, og at det er ueitlig at prosessen med delvis kompensasjon gjennom skjønnstilskot er så uføresieleg. Skjønnstilskotet Statsforvaltaren fordeles med grunnlag i ekstraklasser ligg på mellom 140 000 og 175 000 kroner per ekstraklasse, og dekk såleis berre ein brøkdel av kommunane sine kostnader knytt til språkdeling. Merk at skjønnstilskotet ikkje er øyremerka midlar, og at kommunen står fritt til å fordele desse midla etter eige behov.

Fordeling per kommune

Kommunenr	Kommunenavn	Skjønn i hele kroner
1101	Egersund	2 500 000
1103	Stavanger	2 400 000
1106	Haugesund	4 100 000
1108	Sandnes	1 200 000
1111	Sokndal	1 500 000
1112	Lund	1 500 000
1114	Bjerkreim	-
1119	Hå	-
1120	Klepp	4 400 000
1121	Time	2 000 000



1122	Gjesdal	3 000 000
1124	Sola	1 500 000
1127	Randaberg	4 000 000
1130	Strand	4 200 000
1133	Hjelmeland	1 300 000
1134	Suldal	-
1135	Sauda	1 150 000
1144	Kvitsøy	1 200 000
1145	Bokn	1 200 000
1146	Tysvær	800 000
1149	Karmøy	1 750 000
1151	Utsira	-
1160	Vindafjord	1 000 000
Sum		40 700 000

Egersund kommune får tilskot som følge av ein eldre avtale om kompensasjon for den interkommunale verksemda Uninor, der kommunen ikkje sender refusjonskrav til dei andre Dalanekommunane. Ei heilsakleg vurdering av situasjonen for kommunen og andre utfordringar ligg òg bak tildelinga.

Stavanger kommune får tilskot som følge av kostnader til legevaktsbåten i Ryfylke, ei ordning som er i samarbeid med Hjelmeland og Kvitsøy.

Haugesund kommune har betydeleg større utfordringar enn snittet i fylket knytt til rus og psykiatri, og får tilskot på dette grunnlaget. I tillegg ligg kommunen høgt på eigendeler per innbyggjar til ressurskrevjande tenester.

Sandnes kommune får tilskot som følge av fem ekstra klasser grunna språkdeling, og utfordringar knytt til rus og psykiatri.

Sokndal kommune opplever større utfordringar innan barnevern, og har fleire elevar med spesialundervisning og ASK-vedtak enn fylkessnittet. Ei heilsakleg vurdering av kommunens økonomi ligg òg bak tildelinga.

Lund kommune har òg særlege utfordringar knytt til barnevernet. Ei heilsakleg vurdering av kommunens økonomi og andre krevjande forhold ligg òg bak tildelinga.

Klepp kommune har 17 ekstraklasser på grunn av språkdeling, og opplever dette som kostnadskrevjande. Kommunen peiker på at dei har landets høgaste prosentdel ekstraklasser.

Time kommune får tilskot på grunn av den økonomiske situasjonen, at dei har høge eigendeler per innbyggjar for ressurskrevjande tenester og fordi dei har tre ekstraklasser som følgje av språkdeling.

Gjesdal kommune har tre ekstraklasser som følge av språkdeling, og ligg høgt på eigendeler per innbyggjar til ressurskrevjande tenester. Ein heilsakleg vurdering av kommunens økonomiske handlingsrom, og samansette utfordringar, ligg òg bak tildelinga.

Sola kommune får tilskot på grunn av 11 ekstraklasser som følge av språkdeling.



Randaberg kommune har høgast eigendel per innbyggjar i fylket knytt til ressurskrevjande brukarar, og har også høgast tal på ressurskrevjande brukarar målt opp mot folketal. Kommunen har mindre økonomisk handlingsrom, og ei heilsakleg vurdering av kommunens økonomi ligg derfor òg bak tildelinga.

Strand kommune har spesielt store utfordringar knytt til rus og psykiatri. I tillegg har dei ei høg del elevar i friskular, noko som gir krevjande konsekvensar av trekk- og kompensasjonsordninga for omfordeling basert på elevar i private skular. Kommunen har 8 ekstraklasser på grunn av språkdeling.

Hjelmeland kommune får tilskot på grunn av kostnader knytt til legevaktsbåten i Ryfylke.

Sauda kommune har ei ekstraklasse som følgje av språkdeling, og får også tilskot som følgje av utfordringar knytt til rus og psykiatri.

Kvitsøy kommune får tilskot på grunn av legevaktsbåten i Ryfylke, og tilskot som følgje av behov for ekstra brannberedskap i Ydstebøhavn.

Bokn kommune opplever særskilt stor innverknad på økonomien som følgje av ressurskrevjande brukarar over 67 år. Tilskotet trappast ned på grunn av høg alder.

Tysvær kommune får tilskot på grunn av to ekstra klasser som følgje av språkdeling, og høg eigendel per innbyggjar knytt til ressurskrevjande brukarar.

Karmøy kommune har tre ekstraklasser som følgje av språkdeling. Inntektskriteriet slår skeivt ut for kommunen på grunn av høg del barn i barnehage og lågt utdanningsnivå. Vidare har kommunen høge eigendeler per innbyggjar på grunn av ressurskrevjande tenester, og får ut i frå ein samla vurdering tilskot.

Vindafjord kommune får tilskot som følgje av høge eigendeler til ressurskrevjande tenester og andre utfordringar i kommunen.

Fordeling gjennom budsjettåret 2022

Statsforvaltaren skal som eit minimum halde tilbake fem prosent av skjønnsramma til uventa hendingar gjennom året. Dette er midlar som kan nyttast til uventa og ekstraordinære økonomiske utfordringar i løpet av året.

Frå 2022 får kommunane økt finansieringsansvar for barneverntiltak gjennom barnevernreforma. Korleis barnevernsreforma vil påverke den enkelte kommune økonomisk i 2022 er ikkje tydeleg ennå. Statsforvaltaren har derfor valt å ikkje fordele skjønnstilskot til kostnader som følgje av barnevernreforma no, men å halde tilbake ein større del av skjønnsmidlane til fordeling gjennom budsjettåret 2022. Dette er gjort for å sikre at kommunane har eit betre talgrunnlag for å vurdere sine utgifter som følgje av barnevernreforma, og at eventuelle meirutgifter kan dokumenterast i ein ny søknad om restskjønn seinare i 2022.

Det er sett av 17,3 mill. kroner til fordeling gjennom budsjettåret. Dette består av 10 mill. kroner til fornyings- og innovasjonsprosjekt og 7,9 mill. kroner som er heldt tilbake som restskjønn til uventa hendingar og eventuelle meirutgifter som følgje av barnevernreforma.



Med helsing

Geir Skadberg
ass. statsforvaltar

Jan Petter Stangeland
ass. avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Adresseliste:

Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Egersund
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen